



DEN NORSKE KYRKJA

Bjørgvin bispedømeråd

Gulen kyrkjelege fellesråd
Eivindvikvegen 1119
5966 EIVINDVIK

Masfjorden kyrkjelege fellesråd
Solund kyrkjelege fellesråd

Dato: 24.06.2016

Vår ref: 16/2598 - JOF (16/22355)

Dykkar ref:

Spørsmål om samarbeid rundt ekstra presteressurs i Solund, Gulen og Masfjorden

Viser til brev frå prost Geir Sørebo og møte 21.juni 2016 rundt sonderingar på om det er mogleg å samarbeide om ekstra presteressurs i Solund, Gulen og Masfjorden.

I møtet blei det presentert bakgrunnen for kvifor Bjørgvin bispedømeråd har redusert presteressursane i kommunane Solund, Gulen og Masfjorden til 250 prosent samla ressurs. Det vart og tydeleg peikt på at det ut frå fordeling av presteressursar på bispedømenivå så gjev det meir grunnlag for å redusere til 200 prosent, enn å auke opp igjen til 300 prosent. Det vart samstundes kommunisert tydeleg frå alle partar at nærvær av prest i kvar kommune er ønskeleg.

Bjørgvin bispedømeråd vil difor ønske å sjå på moglege samarbeid for å sikre samla ressurs på ein prest i kvar kommune. Dette krev at ein kan finne fram til samla finansiering på 50 prosent ekstra ressurs. I perioden 2017-2020 vil bispedømet bidra ekstra ut ifrå at dette vil vere eit pilotprosjekt. Dette vil då vere frå tilskot under diakonale midlar.

Totalkostnad på ei prestestilling vil vi estimere til kroner 800.000, då inkludert tilleggsløn, arbeidsgjevaravgift, pensjon med meir og snitt i ansiennitet. Reise er ikkje med, det dekkjer bispedømet til det som ligg til dei handlingar lokal prest normalt har. Andre reisekostnader som ligg utanfor dette vil ein måtte avklare lokalt. Kontor plass er ikkje med, det er allereie dekt av fellesråda.

Det betyr at Bjørgvin bispedømeråd dekker kroner 50.000 i diakonale midlar. Dei resterande 350.000 vil vi tenkje vert dekt lokalt. Vårt forslag vil vere at Solund dekker 1/5, Gulen 2/5 og Masfjorden 2/5. Kronebeløpet per 2016 vil då vere:

Solund: 70.000

Gulen: 140.000

Masfjorden: 140.000

Det vil verte årleg justering på pris og lønsvekst ut frå dette kronebeløpet.

Bjørgvin bispedømeråd foreslår ei prøveordning fram til 31.12.2020.

Detaljar i ein eventuell avtale vil bli sett opp når ein veit meir om responsen lokalt.

Initiativ til andre fordelingsnøklar lokalt vil vi overlata til dei lokale fellesråda å handsame.

I dette ligg det og ei forståing av at presteressursen i Solund må bidra inn mot dei andre to fellesråda, då med fordeling av 250 prosent av statlege tilskot.

Dei ulike fellesråda eller dei som skyt inn midlar, må peike på kva satsingsområder ein vil samarbeide om. Vi vil samstundes understreke at eit mål må vere samhandling. Til dømes kan ein tenke at presten i Masfjorden har eit hovudansvar for konfirmantarbeidet. Då slik at alle prestane deltek i konfirmantarbeidet, men ein koordinerer felles tiltak. Likeeins at ein prest koordinerer den diakonale satsinga som ligg i dette samarbeidet. Og den tredje koordinerer til dømes gudstenestearbeid. I dette siste vil vi tenke at det kan ligge eit mogleg utviklingsarbeid rundt det å tenke ulike gudstenester ut frå ulik oppslutning og det å vere kyrkje i grissgrendte stork. Dette tenkt som dømer. Kva og korleis ein lokalt vil prege dette lar vi vere ope, men vil ha tydeleg forventning om å kunne dokumentere eit diakonalt arbeid og ei best mogleg samhandling rundt felles ressursar, ut frå denne satsinga.

Vi takkar på førehand for samarbeid og forsøk på å få dette til.

Med helsing



Jan Ove Fjellveit
stiftsdirektør

Kopi til:

Prosten i Nordhordland

Lonsvegen 1

5914

ISDALSTØ

Mottakere:

Gulen kyrkjelege fellesråd	Eivindvikvegen 1119	5966	EIVINDVIK
Masfjorden kyrkjelege fellesråd		5981	
Solund sokneråd	Kyrjekontoret, Pb. 73	6921	HARDBAKKE